



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hanne Melander, 5557 2265

Vår dato  
13.02.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/158 721.0  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### Invitasjon til samling om barnefattigdom

Vi vil gjerne invitere deg til samlinga 16. mars 2017 med temaet "["Når alle har så mykje - om barnefattigdom"](#)". Ingen vel sin eigen barndom, difor er det ei samfunnsoppgåve og ei offentleg oppgåve å motverke barnefattigdom. Fylkesmannen prioriterer å løfte barn og unge generelt, og arbeidet mot barnefattigdom spesielt.

Barnefattigdom har samansette og komplekse årsaker. Løysingane må òg vere samansette og gå på tvers av sektorar. Innsatsen for å sikre gode levekår for barn må dessutan gå inn i kommunens vanlege arbeid. På samlinga 16. mars vil kommunar som deltar i den særskilte satsinga mot barnefattigdom presentere erfaringar som andre kan ha nytte av i sitt arbeid for barn og unge. Klikk på lenka for program og påmelding: ["Når alle har så mykje - om barnefattigdom"](#). Påmeldingsfrist er 24. februar 2017.

Målgruppa for samlinga er tilsette i administrasjon og tenester, kommuneplanleggarar, politikarar, rådmenn og andre som legg til rette for ein god oppvekst i Hordaland.

Vi håpar de vil delta.

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*